


## OPPLAND BONDELAG



OPPLAND BONDE- OG  
SMÅBRUKARLAG



## Invitasjon og agenda for dialog- og strategimøte i forhold til rovviltforliket og beitedyra i Oppland

Landbruksorganisasjonane i Oppland, Sør-Fron kommune og Roviltneimnda i Oppland inviterte for ei stund sidan statsråd Tine Sundtoft til Oppland i forhold til at beitenæringa på ny er råka av alt for mange angrep, skadar og drap forårsaka av freda rovvilt. I samband med møte i Roviltneimnda 06/08 kom det fram at statsrådene i Klima og Miljødepartementet og Landbruk og Matdepartementet ville koma til Oppland 07/08. Møtet vart halde på Tretten, men beitenæringa ved underskrivne organisasjonar vart ikkje innbedne og møtte ikkje. Organisasjonane fekk munnleg lovnad på eit nytt dialogmøte, og det vart bekrefta i e-post av 11/08 frå statsekretær i Klima og Miljødepartementet Lars Andreas Lunde.

**Beitenæringa i Oppland v/OB, OBS og OSG og Sør-Fron kommune v/ordføraren inviterer derfor følgjande spesielt til å møta statssekretær Lars Andreas Lunde på Kommunelokalet i Sør-Fron, torsdag 20/08 2015 kl. 11.00:**

**Representantar frå landbrukskontora i Ringebu/Sør-Fron og Nord-Fron  
Fellingsleiarar i Ringebu, Sør-Fron/Nord-Fron  
Beitebrukar Lars Ole Auglestad  
Roviltneimnda i Oppland**

Møtet er ope for alle og vi ynskjer spesielt at beitebrukarar nyttar høve til å møta opp.

Lillehammer/Sel/Øystre Slidre/Sør-Fron 15/08 2015

Oppland Bonde- og Småbrukarlag  
Terje Holen(sign)

Oppland Bondelag  
Trond Ellingsbø(sign)

Oppland Sau og Geit  
Arnfinn Beito(sign)

Sør-Fron kommune  
Ole Tvette Muriteigen(sign)

## Agenda

I samband med møtet valde Rovviltnemnda i Oppland å flytta planlagt møte i nemnda 19/08 til den 20/08. Dei vil ha møtet sitt i forkant av møtet med statssekretæren, og gjer merksam på at dette møtet òg er ope for alle.

Sør-Fron kommune, Storsalen 20/08:

08.30 – 09.30: Representantar frå OB, OBS og OSG møter og samordnar innspela sine.

09.30 – 10.30: Møte i Rovviltnemnda i Oppland, der bl.a. sak 48/15 «Ny vurdering av kvote og områder for lisensfelling av jerv i Oppland/region 3 i 2015/16» vert teke opp.

11.00: Opning av møtet v/leiar i Oppland Sau og Geit Arnfinn Beito

11.05: Innleiing v/statssekretær Lars Andreas Lunde

11.15: Saka sett frå beitebrukar i Sør-Fron v/Lars Ole Auglestad

11.25: Saka sett frå kommunalt skadefellingslag v/1 av fellingsleiarane i kommunane

11.35: Saka sett frå kommunane v/1 representant frå landbrukskontora

11.45: Saka sett frå politisk leiing v/ordførar i Sør-Fron Ole Tvette Muriteigen

11.55: Saka sett frå rovviltnemnda v/leiar i Rovviltnemnda i Region 3/Oppland Ivar Odnes

12.05: Innspel frå andre, diskusjon, møteleiar Arnfinn Beito.

13.00: Lunch

13.45: Møte med Lunde og utvalde rep. frå landbruksorganisasjonane og kommunar.

15.00: Heimreise

Vi ber om at innleiarane passsar taletida si slik at vi får med oss det vi skal gjera.

For initiativtakarane

Pål Kjørstad, sekretær Oppland Sau og Geit